Vik kommune

VERDSARV

NÆRØY FJORDEN

VERDSARVKOMMUNE

Kontrakt intervedlikehald Vik kommune

mellom

Vik kommune	Og	Xxxx
Org.nr: 937 498 764		Org.nr:
(heretter kalla Kunden)		(heretter kalla Leverandøren)

Dato: _____

For Kunden:

For Leverandøren:

Vik kommune

Leverandørnamn

Avtalen er underteikna i to eksemplar, der kvar part beheld eitt eksemplar.

1. Kontraktsomfang

Kontrakten gjeld vintervedlikehald av kommunale vegar, plassar og kommunale eigedomar i følgjande rode(r):

- Rode: _____

Arbeidet omfatta mellom anna:

- brøyting
- strøing/salting
- beredskap
- rydding av kryss og fri sikt
- dokumentasjon og rapportering

Arbeidet skal utførast i samsvar med:

- konkurransegrunnlaget
- Vedlegg 1 Kravspesifikasjon generell del
- aktuell rodespesifikasjon vedlegg
- entreprenøren sitt tilbod

Ved motstrid gjeld dokumenta i prioritert rekkefølgje som lista ovanfor.

2. Kontraktsperiode

Kontrakten gjeld frå 01.11.2026 til 31.03.2029.
Oppdragsgivar har opsjon på forlenging i:

- 1 år + 1 år

Ordinær beredskapsperiode er 01.11–31.03 kvart år.

3. Pris og regulering

Pris går fram av entreprenøren sitt tilbod/prisskjema.
Prisane er eksklusiv meirverdiavgift og inkluderer alle kostnader knytt til oppdraget.
Prisregulering skjer årleg på samla kontraktssum og kan gjennomførast første gong 01.12.2027 etter:

- SSB Byggekostnadsindeks for veganlegg.

4. Utføring og beredskap

Entreprenøren skal:

- vere tilgjengeleg heile døgnet i beredskapsperioden
- starte arbeid innan 60 minutt etter utkalling
- halde nødvendig reserveutstyr og reservesjåfør
- utføre arbeid fagmessig og i samsvar med kravspesifikasjonen

Kommunen kan instruere om prioritering og rekkefølgje av arbeid.

5. Dokumentasjon

Entreprenøren skal nytte kommunen sitt digitale registreringssystem.
Følgjande skal dokumenterast:

- tidspunkt
- rode
- utført aktivitet
- GPS-posisjon
- avvik og hindringar
- bilete ved behov

Oppdragsgivar kan nytte innhenta data til kontroll av timelister, fakturagrunnlag og kontraktsoppfølging.

6. HMS og miljø

Entreprenøren skal:

- ha dokumentert HMS-system
- følgje gjeldande lover og forskrifter
- redusere tomgangskøyring
- nytte miljøtilpassa løysingar der mogleg

Oppdragsgivar kan krevje dokumentasjon og miljørapportering.

7. Fakturering

Fakturering skjer månadleg etter utført arbeid og innsend timeliste.
Betalingsfrist er 30 dagar frå motteken korrekt faktura.

8. Avvik og mislighald

Manglande oppfylling av kontrakten kan medføre:

- avvikstrekk
- dagmulkt
- krav om retting
- heving ved vesentleg mislighald

Dagmulkt kan setjast til 5 % av beredskapssum, minimum kr 1 500 per dag.
Avvik og mislighald viser til krav i konkurranse, vedlegg 1-12

9. Forsikring og ansvar

Entreprenøren er ansvarleg for skade på:

- kommunal eigedom
- privat eigedom
- teknisk infrastruktur
- tredjepart

Entreprenøren skal ha gyldig ansvarsforsikring gjennom heile kontraktsperioden. Forsikringsbevis skal leggjast fram på førespurnad. Ved skade som følgje av aktløyse eller forsett frå entreprenøren eller personar denne svarar for, er entreprenøren erstatningsansvarleg etter alminnelege erstatningsrettslege reglar.

10. Heving og oppseiing av kontrakt

10.1 Heving ved vesentleg mislighald

Oppdragsgivar kan heve kontrakten med umiddelbar verknad dersom entreprenøren gjer seg skuldig i vesentleg mislighald av kontrakten.
Som vesentleg mislighald reknast mellom anna:

- manglande beredskap eller kapasitet til å utføre oppdraget
- gjentekne eller alvorlege brot på kravspesifikasjonen
- manglande oppstart etter utkalling
- gjentekne avvik som ikkje vert retta innan fastsett frist
- manglande eller uriktig dokumentasjon
- vesentlege brot på HMS-krav
- manglande forsikringsdekning
- konkurs, gjeldsforhandling eller insolvens
- alvorlege brot på krav til lønns- og arbeidsvilkår
- bruk av ikkje godkjende underleverandørar
- vesentlege restansar på skattar og avgifter

Før heving skal entreprenøren som hovudregel få skriftleg varsel og ein rimeleg frist til å rette forholdet. Dersom mislighaldet er av ein slik karakter at tillitsforholdet mellom partane er vesentleg svekka, eller forholdet ikkje kan rettast, kan heving skje utan føregåande rettingsfrist.
Ved heving har oppdragsgivar rett til å inngå avtale med annan leverandør for entreprenøren si rekning dersom dette er nødvendig for å sikre vidare drift og beredskap.

10.2 Oppseiing

Oppdragsgivar kan seie opp kontrakten med 6 månaders skriftleg varsel dersom:

- politiske vedtak medfører bortfall av behovet for tenesta
- vesentlege budsjettmessige endringar gjer vidareføring urimeleg
- offentlege pålegg eller regelverksendringar gjer kontrakten vesentleg endra

Entreprenøren kan ikkje seie opp kontrakten i kontraktsperioden med mindre partane skriftleg vert samde om dette, eller det ligg føre vesentleg mislighald frå

oppdragsgivar. Oppseiing fritar ikkje partane frå plikter som har oppstått før oppseiingstidspunktet.

11. Krav til lønns- og arbeidsvilkår

Entreprenøren skal sikre at eigne tilsette, innleigd arbeidskraft og eventuelle underleverandørar har lønns- og arbeidsvilkår som ikkje er dårlegare enn det som følgjer av:

- anskaffelsesloven § 5e
- gjeldande allmenngjorde tariffavtalar
- landsomfattande tariffavtale for aktuell bransje dersom allmenngjering ikkje gjeld

Oppdragsgivar eller ekstern revisor engasjert av oppdragsgivar kan gjennomføre kontroll og revisjon av dokumentasjon knytt til lønns- og arbeidsvilkår i heile kontraktsperioden.
Dokumentasjon kan mellom anna omfatte:

- arbeidsavtalar
- timelister
- lønsslippar
- stadfesting på innbetalt løn
- dokumentasjon frå underleverandørar

Dersom entreprenøren eller underleverandør ikkje oppfyller krava til lønns- og arbeidsvilkår, skal forholdet rettast utan ugrunna opphald.
Manglande oppfylling av krava kan medføre:

- tilbakehald av betaling
- krav om retting
- avvikstrekk
- utskifting av underleverandør
- heving av kontrakt ved vesentleg mislighald

Entreprenøren er ansvarleg for at tilsvarande krav vert vidareført til alle underleverandørar som medverkar til oppfylling av kontrakten.

12. Opsjon

Oppdragsgivar har einsidig rett til å løyse ut opsjonar omtala i konkurransegrunnlaget og rodevedlegga. Opsjon skal løysast ut skriftleg seinast 3 månader før aktuell opsjonsperiode tek til. Leverandøren pliktar å levere ytinga på dei vilkår som følgjer av kontrakten.

13. Kontaktperson

Entreprenøren skal oppgi ein fast kontaktperson for kontrakten. Ved endring av kontaktperson skal oppdragsgivar varslast skriftleg utan ugrunna opphald.

Kontaktpersonen skal ha nødvendige fullmakter til å representere entreprenøren i kontraktsforholdet.

Kontaktperson for entreprenør er

Namn	Tittel	Epost	mobil

14. Tvistar og verneting

Tvistar som oppstår i samband med kontrakten skal søkjast løyst gjennom forhandlingar mellom partane.

Dersom partane ikkje kjem til semje, skal tvisten avgjerast etter norsk rett.